



Fedje kommune

Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 18.06.2019
Møtestad: Skarvøyana/Slissøyana Fedje fleirbrukshall
Møtetid: 18:15 - 19:30

Møtedeltakarar	Parti
Marit Solbakk Øien	
Gidske Borge Kolltveit	Ap
Terje Blomvågnes	Ap
Bjørn Solbakk	Frp
Ottar Tangen	Frp
Erling Walderhaug	H
Stian Herøy	H
Tonje Hernar Gullaksen	H
Ingmar Stuberg	Krf
Roy-Asle Tunglund	Krf
Tove Nordseth	Krf

Møtedeltakarar vara	Parti
Kristin Aase	Ap
Einar Ophaug	H
Janne Tangen	H
Maria Thomassen	Krf

Forfall meldt frå følgjande medlemmar:	Parti
Stian Storemark	Ap
Paul Gunnar Gullaksen	H
Torill Hermansen Horgen	H
Olav Nilsen Husa	Krf

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Bjarte Villanger, Dagrun Gunnarson, Linda Husa, Nils Moldøyen

Sakliste

Saknr	Tittel
034/19	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
035/19	Godkjenning av møtebok
036/19	Referatsaker
037/19	Godkjenning av årsmelding og årsrekneskap 2018
038/19	Perioderapport 1 - 2019
039/19	Utgreiing om gratis barnehage og SFO
040/19	Sommaropen SFO ved Fedje skule
041/19	Betalingssatsar for barnehagen haust 2019
042/19	Samordning av sosialhjelpssatsar
043/19	Bortfall av bompengefritak for nullutsleppskøyretøy - Nordhordlandspakken
044/19	Endring av NGIR sin selskapsavtale
045/19	Koppersevja. Avtale om reguleringsplan
046/19	Møteplan 2.halvår 2019
047/19	Eventuelt kommunestyret 18.06.19

034/19: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Behandling:

I innkallinga var det sendt ut feil møtebok til godkjenning. Korrekt møtebok vart sendt ut pr. e-post 18.06.19.

Vedtak:

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

035/19: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Vedtak:

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

036/19: Referatsaker

Behandling:

Leiar for Nordhordland Revisjon IKS, Janne Eraker, informerte om planane for samanslåing med Indre Hordaland Revisjon.

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

037/19: Godkjenning av årsmelding og årsrekneskap 2018

Behandling:

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsrekneskap og årsmelding slik det ligg føre.

Samrøystes vedteke.

038/19: Periode rapport 1 - 2019**Behandling:****Vedtak:**

Kommunestyret tek periode rapport 1 til vitande.

Samrøystes vedteke.

039/19: Utreiing om gratis barnehage og SFO**Behandling:****Vedtak:**

Kommunestyret tar saka til orientering.

Samrøystes vedteke.

040/19: Sommaropen SFO ved Fedje skule**Behandling:****Endringsframlegg frå Kristin Aase (Ap):**

Innan budsjett handsaminga i desember skal vedtektene til SFO og Barnehagen bli sett på under eitt. Samstundes vil vi at det skal greiast ut moglegheit for at dei borna som har behov for SFO kan vere i barnehagen dei dagane skulen er stengt.

Framlegget falt med 8 mot 7 røyster. Kristin Aase (Ap), Terje Blomvågnes (Ap), Gidske Kolltveit (Ap), Tonje H. Gullaksen (H), Erling Walderhaug (H), Janne Tangen (H), Einar Ophaug (H) røysta for framlegget.

Vedtak:

Kommunestyret tek saka til orientering.

Vedteke med røystene til Krf, Frp, Marit Øien (Uavh) og Stian Herøy (H).

041/19: Betalingssatsar for barnehagen haust 2019

Behandling:

Endringsframlegg frå Kristin Aase (Ap):

Barnehagesatsane endrast ikkje i dette budsjettåret, men tas opp til ny vurdering ved budsjetthandsaminga for 2020.

Framlegget falt med 9 mot 6 røyster. Arbeiderpartiet, Frp og Marit Øien (Uavh) røysta for endringsframlegget.

Vedtak:

Satsane for Fedje barnehage vert slik det kjem fram frå tabellen i saksutgreiinga, med verknad frå 01.08.2019.

Vedteke med 9 mot 6 røyster. Høgre og Krf røysta for framlegget.

042/19: Samordning av sosialhjelpssatsar

Behandling:

Vedtak:

NAV Fensfjorden vil følgje statens rettleiande statsar for økonomisk stønad, med dei reguleringar som blir gjort årleg.

Når det gjeld øvrige ytingar får NAV fullmakt til å fastsette rutiner ut frå eit forsvarleg skjønn og kjennskap til kostnadsnivå i kommunane.

Samrøystes vedteke.

043/19: Bortfall av bompengefritak for nullutsleppskøyretøy - Nordhordlandspakken

Behandling:

Vedtak:

Det vert innført bompengavgift for nullutsleppskøyretøy i Nordhordlandspakken. Nullutsleppskøyretøy til og med 3500 kg skal betala 50 pst. av taksten til takstgruppe 1 etter brikkerabatt. Nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 2 skal betala 0 pst. av taksten til takstgruppe 2.

Samrøystes vedteke.

044/19: Endring av NGIR sin selskapsavtale

Behandling:

Vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til framlegget til ny selskapsavtale for NGIR slik den ligg føre. Revidert selskapsavtale skal gjelda frå 01.01.2020 under føresetnad av at alle eigarkommunane gjer likelydande vedtak.

Samrøystes vedteke.

045/19: Koppersevja. Avtale om reguleringsplan

Behandling:

Tove Nordseth (Krf) meldte seg ugild etter fvl. § 6b. Nordseth gjekk ut av møtet, og kommunestyret vedtok samrøystes at ho var ugild. Kåre Berge (Krf) stilte som vara. Tonje Hernar Gullaksen (H) meldte seg ugild etter fvl. § 6a. Gullaksen gjekk ut av møtet, og kommunestyret vedtok samrøystes at ho var ugild. Det var ikkje kalla inn vara.

Vedtak:

Fedje kommune skriv under på avtale med 10 grunneigarar om utarbeiding av reguleringsplan for Koppersevja. Namnet på avtalen er Avtale om reguleringsplan for Koppersevja.

Samrøystes vedteke.

046/19: Møteplan 2.halvår 2019

Behandling:

Vedtak:

Møteplanen for hausten 2019 vert som følgjer:

Formannskapsmøte 03.09, 17.09, 15.10, 26.+28.11, 17.12

Kommunestyremøte 24.09, 01.10 (konstituerande møte), 29.10, 10.12

Folkevaldopplæring 5.11 og 6.11

Formannskapsmøta startar vanlegvis kl 17.15, kommunestyremøta startar vanlegvis kl 18.15.

Samrøystes vedteke.

047/19: Eventuelt kommunestyret 18.06.19

Behandling:

Marit Øien (Uavh) spurte om kva som var bakvaksordninga for sjukepleiarane i kommunen. Rådmannen svarte at det ar kome inn skriv frå NSF som vil verte handsama i tråd med reglane for arbeidslivet.

Bjørn Solbakk (Frp) spurte om ordførar har vore i dialog med Tombre fiskeoppdrett om plassering av forfloten. Ordførar stadfesta at dette hadde skjedd for ca 2 månader sidan og informerte om konklusjonane. Bjørn Solbakk varsla og at Frp vil føreslå gratis barnehage for 3-åringar og oppover i budsjetthandsaminga hausten 2019.

Ordførar informerte om at formannskapsmøtet neste veke går ut.

Vedtak:

Ingen vedtak under eventuelt.
